

# BRUKARUTVALET

## MØTEREFERAT

**23 august 2011**

**Tid:** Kl. 09.30 – 13.30

**Stad:** LMS, møterom 1

### **Til stades:**

Jorunn M. Bakke  
Inge Johs. Reigstad  
Helen Aareskjold  
Ida Carlsen Eide  
Olga Johannessen  
Anne - Berit Kolås

### **Forfall:**

Mona Fosse  
Geir - Ove Søreide

Referent Magne Høgelid

### **Inviterte gjester:**

**Sak 46/11 Godkjenning av innkalling og saksliste for Brukarutvalet i Helse Bergen**

Godkjent utan merknader

**Sak 47/11 Referat 6 juni 2011 til godkjenning**

Godkjent utan merknader

**Sak 48/11 09.30-10.30 Aktuelle saker i Helse Bergen v/ viseadm. direktør Anne Sissel Faugstad**

Saka fall bort på grunn av at Anne Sissel Faugstad ikkje kunne møte på grunn av flytting av tidspunkt på møtet.

**Sak 49/11 Strategiarbeid 2012 – 2016 i Helse Bergen. v/ Representantar frå prosjektgruppa. Eivind Hansen, Pål Ove Vadset, Johannes Kolnes**

Johannes Kolnes orienterte frå arbeidet med strategiplanen i Helse Bergen, supplert av Eivind Hansen. Det skal vera storsamling 13 september der alle samarbeidspartnarar er invitert. Eit sentralt spørsmål er om planen skal vera meir konkret eller om ein skal overlata det til operativt nivå.

Ønskte innspel til:

- Forbettringsområder/utfordringar
- Kva kan brukarane ivareta ?
- Endringar av satsingsområder frå siste strategiplan.

Innspel: Brukarane må ikkje oppleve ei delt teneste,. Det må vera ein samanheng mellom tilbodet som vert tilbydd i sjukehusa og kommunane.

### **Sak 50/11 Status for felles grunnlagsdokument og drøfting av vidare brukarmedverknad v / Magne Høgelid SSE.**

Magne Høgelid orienterte om status og planar for det vidare arbeidet. Utkast til dokument er sendt partane til adm. høyring med frist 1 september. Det blir deretter utarbeidd eit endeleg framlegg for behandling i toppleiar møte og samarbeidsutvala. I tillegg blir det utarbeidd ein handlingsplan der dei strategiske grepa blir operasjonalisert. Ein legg opp til oppstart av arbeid med eit hovudforløp

Brukarane ynskjer deltaking også i det vidare arbeidet, mellom anna arbeidet med hovudforløp.

### **Sak 51/11 Oppdatere prosjektoversikt. Nye saker med brukarmedverknad/deltaking.**

- **Delprosjekt Tverrfagleg behandlingsplan**  
Konklusjon: Prosjektleiar blir invitert til møte 19 september.
- **sak e-læring-**  
Konklusjon: Geir Over Søreide blir brukarrepresentant i arbeidet.
- **Lokalmedisinsk senter Nordhordland**
- **Konklusjon:** Anne-Berit Kolås blir brukarrepresentant i arbeidsgruppa
- **Internett - psykiatri**
- **Kommunale akuttseger Nordhordland:** Inge Johs. Reigstad blir brukarrepresentant i arbeidsgruppa
- **evt**

### **Sak 52/11 Til/ frå utvalet**

### **Sak 53/11 Eventuelt**